



# Årsmelding 2014

---

Hovudstyret for Sandsøy Idrettslag i 2014:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor
Styremedlem	Knut Olav Skare
Varamedlemmer	Bjørn Voksøy Oddbjørg Einang Olsen

Det har vore totalt fem (5) styremøte.

Hovudsamarbeidspartnar har vore Sparebanken Møre.

Idrettslaget har 56 betalande medlemmar, derav 22 tillitsvalde.

Fjoråret enda med eit overskot på 63.000 kroner. Dei største inntektskjeldene er Sjutoppsturen og Arthur-helga. Detaljar er å finne i rekneskapen.

Medlemskontingent 2014:

Born (til og med 15 år)	50 kr
Vaksne	100 kr
Familiemedlemsskap	200 kr

HENDINGAR I 2014:

**Sjutoppsturen** arrangert for tiande gong langfredag 18.april. Ekstra flid i arbeidet med, og førebuingane til, jubileumsutgåva av det populære arrangementet. Ny deltakarrekord med 440 totalt fordelt på turmarsj (68), mosjon (326) og konkurranse (46). Fantastisk solskin og løyper fulle av glade folk skildrar dagen. Og for første gong sidan 2007 vart det heimesiger.

Eit jubileumshefte vart laga og selt i høve jubileet. Avisa inneheldt fyldig statistikk og tilbakeblikk på dei ni første turane, samt grundig gjennomgang av løypa over dei sju toppane. Og sjølv sagt god reklame for arrangementet og øya.



RESULTAT KVINNER SENIOR (topp tre)

1 Åse Iren Sætre	Ørsta IL	D 25-39	02:06:55	
2 Trine Pilskog	Hareid	D 40-49	02:10:15	+ 03:20
3 Dina Kristine Mølmen	IF Birkebeineren	D 18-24	02:22:22	+ 15:27

RESULTAT MENN SENIOR (topp tre)

1 Eirik Voksøy Bringsvor	Sandsøy IL	M 18-24	01:35:30	
2 Arve Rindal	Eid IL	M 25-39	01:36:38	+ 01:08
3 Arve Haugland	Follestaddalen IL	M 25-39	01:45:21	+ 09:51

Tre personar vart premierte for å ha delteke og fullført alle ti utgåvene sidan 2005. Dette var Kristoffer Vestnes, Eirik Voksøy Bringsvor og Bjørn Helland.

**Arthur-helga.** Vi var med på samarbeidslaget som blant anna arrangerte fredagskveld på Dollstun og serverte middag med meir på Fiskarheimen laurdag og søndag.

**Klubbhusprosjektet.** Oppstart for planar om eit tilbygg med garderober og eit trimrom i haust. Bakgrunnen er fleire ønske om eit slikt treningscenter, samt idrettslaget si plikt til å setje i gang tiltak som gangnar bygdefolket.

**Fotballkveld.** Fredag 5. juli var det uhøgtideleg fotbollsamkome i Oshaugane der både ungt og eldre var med og spelte turnering på tilfeldig inndelte lag. Arrangementet var eit alternativ til Grendacupen som denne gongen ikkje lèt seg gjennomføre.

**Nissemarsj.** Av stabelen søndag 28. desember med eit titals deltakarar som vandra tur/retur Voren. Snø og kaldt vêr sytte for ei flott ramme.

**Sal av klubbefektar.** På vårparten vart det kjøpt inn huer og t-skjorter som folk kunne bestille. Huene vart også selde over disk langfredag – totalt sett godt sal, men framleis mange att. Skjortene var berre bestillingsvare, 18 stk. selde.

Elles er det verdt å nemne hærverket på idrettsbana laurdag 11. oktober, då ungar køyrde med firejuling/ATV og raserte store delar av underlaget pluss tennisnettet som hadde stått oppe gjennom sommaren og hausten.



#### AKTIVITETAR I 2014:

**Fotball.** I fjor var det aldersgruppa 5-12 år, fordelt på tre grupper, som utgjorde fotballaga. Alle i samarbeid med Kvamsøy IL. Dette var G/J8, J11 og G11. Dei to sistnemnde spelte i serie, medan åtteårslaget deltok i turneringar. I tillegg var det Gursken Cup og Tare Cup. Det vart arrangert totalt fem kampar i Oshaugane i 2014.

**Trimbøkene.** I fjor skreiv vi at auken frå 6718 signeringar i 2012, til 7053 i 2013 var imponerende. Då treng vi berre å nemne at i 2014 var det 11030 signeringar fordelt på dei 11 bøkene – altså over 1000 besøk per bok i snitt. Løypa frå Skare til Steinstongen, via boka ved, og inngangen til, Dollsteinhola vart merka på nytt i sommar. Skilt som skal setjast opp er under produksjon.

Kletten flest registrerte med 2089. Trimkonge vart nok ein gong Anders Bringsvor med sine 3607 poeng. Merk at poengsystemet vart endra i 2014.

Poenggrensene for premie til born/ungdom har vore slik:

0-6 år	25 poeng
7-11 år	50 poeng
12-15 år	75 poeng

Desse fekk nok poeng eller har vore på alle postane:

Agathe Beredu Skare	Juliane V. Bringsvor
Aili Serine Bringsvor	Kanutte Østlund
Alvhild Våge	Karen B. Voksøy
Benjamin Reite	Kevin Holvik
Birger Isak Våge	Martin Myklebust
David Skare Baade	Oddbjørn Sande Hansen
Emilie Sande Hansen	Sigfred Worren Nystøyl
Ena Meredith Skare	Sigurd A. Helland
Esther Olivia Skare	Sofie Sande
Gyda Myklebust	Solveig A. Helland
Henrik Mork Vorren	Sondre Voksøy Bringsvor
Ingrid Therese Baade	Thelma Simret Skare
Ivar Mork Vorren	Torbjørn Baade
Judith Bringsvor	Veronica Follestad



Premie til dei som har vore flest gongar på kvar enkelt post:

Rinden:	Anders Bringsvor	227
Dollsteinen:	Øyvind Vorren	65
Grøntua:	Anders Bringsvor	73
Kletten:	Kjell Toftesund	322
Sandslegene:	Eirik V. Bringsvor	104
Kulen:	Asbjørn Vorren	206
Trollhola:	Solgunn R. Våge	16
Hellandsfjellet:	Helene Helland	37
Kleiveneset:	Ove Myklebust	127
Voksehaugen:	Monika Flatøy	142
Hellandsvågane:	Philippa Reijnhout	72

Premie til dei tre med flest poeng:

1	Anders Bringsvor	3607
2	Eirik Voksøy Bringsvor	2809
3	Pavel Skobelev	1554

**Friidrett.** Gjennom vinteren og våren var det trening i gymsalen for skuleungane ein gong i veka. Ny oppstart i desember – aktivitet etter same lest også denne vinteren. 1. mai deltok ni unge utøvarar i terrengløpet på Åheim. Stor takk til Ingrid Bringsvor Voksøy som trenar gjengen.

**Motbakke- og terrengløp.** Nokre av våre medlemmer har delteke på ulike arrangement rundt om i fjern og nær. Anders Bringsvor var med på eit titals løp, blant anna Skåla Opp i Loen. Han vann Gurskøy IL sitt Røddalshornet Opp i september. Eirik Voksøy Bringsvor vann konkurranseklassen i motbakkeløpet til Hidsegga under Moltustranda Mosjonsfestival. Arnvald Bringsvor var med og gjekk Stadlandet Rett Vest. God representasjon av idrettslaget!

**Tennisbane.** Ikkje den store oppslutnaden, men uansett vart det laga til ei tennisbane på grusen i Oshaugane tidleg i juli månad. Denne var fullt brukande så lenge det ikkje var for store ujamnheiter. Vart sladda eit par gongar i løpet av sommaren og hausten.

Styret i Sandsøy Idrettslag, 5. februar 2015